30-April-2018

Arvid og Åse Ryland
Rosslandsvegen 1265
5917 Rossland.

Strinberget 30/4-18

Ordførar og Kontakt person for
Nordhordalans pakken.
Øyvind Oddekalv.

Hei, har lese gjennom forslaget fra vegvesnet angåande vegen Fløksand Vikebø.

Er svert skuffa over deira konkluksjonar .

Ser ut for at dei tar meir hensyn til ville dyr og utmark en til dyrka mark og menneske !

Dersom dei gjer det dei foreslår så vil dei øydelegja denne vesle garden som vi eig .
Dei vil da antageleg forsyna seg med 20-25 m bredde ned på marka vår i 200 m lengde.

Eg har leige avtale med ein bonde som slår og steller all dyrka mark .
Dersom marka blir innsnevra med 25 m så vil det ikkje lenger vera mogleg og slå desse markane med den redskapen som i dag blir brukt.
Det vil sei det same som at bruket mitt blir ligjane brakk !

Må sei att dette vil verta veldig vondt og sjå på , og vil øydelegja trivselen med og bu her .

Forslaget med og gå mot vest bak Steinbergs haugen meinar vi vil vera mykje meir humant og trur heller ikkje det vil verta dyrare ! tvert i mot så vil dei kunna arbeida fritt utan at trafikk ca 2500 bilar skal passera kver dag mens dei arbeider.

Dette er ei strekning på 700 800 meter , lengden blir omtrent den same som om dei går langs eksisterande veg.
Eksisterande veg kan da nyttast som gang og sykkel veg og for lokaltrafikk med redusert fart.

Går dei på vestsia så paserer dei da også industri område som falt ut på forge kommune plan, men som då vil vera med og få enklare tilknytning om det blir med på neste kommuneplan .

Håper DU som ordførar og kontaktmann vil få vegvesnet til og innsjå desse fordelane.
Og at dei viser at dei tek meneskelege hensyn .

Mvh.

Arvid og Åse Ryland.

Arvid Ryland    Åse Ryland

Øyvind Oddekalv

Kontaktmann

Nordhordalanspakken